

## **STYRET**

**Sak 2011/63      Prosjektoppdrag for oppfølging av Protokoll frå  
føretaksmøtet i Helse Møre og Romsdal HF 30. juni  
2011 - Sak 4 - Samla plan for utvikling av sjukehusa i  
Helse Møre og Romsdal HF**

---

**Behandlast i:** Styret for Helse Møre og Romsdal HF                    **Møtedato**  
**Saksbehandlar:** Arild Eiken    19. – 20.12.2011  
**Arkivkode:**  
**Saksmappe:** 2011/60

---

### **Forslag til vedtak:**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal HF sluttar seg til adm. direktør sitt framlegg til prosjektoppdrag.
2. Adm. direktør får fullmakt til å gjere mindre endringar i prosjektoppdraget ved behov.
3. Styret ber Helse Midt-Norge RHF om å få utsett fristen for innsending av "Samla plan".

Ålesund, 13. desember 2011

Astrid J. Eidsvik  
adm. direktør

### **Vedlegg:**

Prosjektoppdrag Samla plan for sjukehusa i Helse Møre og Romsdal HF  
Protokoll frå føretaksmøtet i Helse Møre og Romsdal HF 30. juni 2011

## Saksutgreiing:

Viser til vedlagt prosjektoppdrag.

I protokoll frå føretaksmøtet i Helse Møre og Romsdal HF 30. juni 2011, Sak 4 Samla plan for utvikling av sjukehusa i Helse Møre og Romsdal HF, er ein beden om følgjande:

*Føretaksmøtet gjev Helse Møre og Romsdal HF i oppdrag med å utarbeide ein samla plan for utviklinga av sjukehusa i det nye helseføretaket. Dette inkluderer samarbeid mellom sjukehusa i det nye helseføretaket – og deretter ein utviklingsplan for bygningsmassen, basert på føringer i Nasjonal helse- og omsorgsplan og Helse Midt-Norge sitt strategiarbeid. Ein tek sikte på at ein slik plan er klar innan 1. juni 2012.*

*Tenester som treng mange tilleggsfunksjonar og/eller avansert teknisk infrastruktur, skal utførast ein stad i regionen og som hovudregel ved St. Olavs Hospital HF. Tilsvarande om slike tenester skal utførast to stadar i regionen, skal dette som hovudregel utførast ved St. Olavs Hospital HF og Ålesund sjukehus.*

*Føretaksmøtet legg også til grunn meir tydeleg nivå- og oppgåvedeling innom det einskilde HF.*

*Føretaksmøtet gjorde følgjande vedtak:*

*Føretaksmøtet legg til grunn at fusjonen av helseføretaka i Møre og Romsdal krev noko lenger tid til planlegging av tiltak og arbeidsdeling. Ein ber om at samla plan for utvikling av sjukehusa i Helse Møre og Romsdal HF er klar innan 1. juni 2012.*

Helse Møre og Romsdal har i tillegg til ovannemnde oppdrag frå føretaksprotokollen fleire andre oppdrag som skal innfriast i samband med budsjett 2012. Alle desse oppdraga kjem i ei tid der vi har store oppgåver knytt til fusjonsprosessen og gjennomføringa av denne. I tillegg har noverande prosjektleiar for "Samla plan" sagt opp stillinga si. Av desse årsaker ser vi det nødvendig å be Helse Midt-Norge om å utsette fristen for innlevering av "Samla plan". Dette bør vere ukomplisert i høve oppdraget frå statsråden og protokollen frå føretaksmøtet mellom Helse- og omsorgsdepartementet, der det heiter at slik plan skal leverast med ein tidsfrist på om lag eit år.

Vi ser vidare eit behov for å vere i dialog med overordna mynde knytt til punktet om val av sjukehusstruktur (3 eller 4 sjukehus) Det må avklarast om det blir forventa at vi skal kome med tilråding til lokaliseringssstad dersom vi rår til ein struktur med 3 sjukehus.

Helse Møre og Romsdal vil vidare be Helse Midt-Norge om å oppnemne ein representant til å vere med i styringsgruppa for prosjektet.